



Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)
Henrik Hveding
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:

20/865 - 37 / BJAHOV

Dato:

11.12.2020

Høyring - Fausa Kraftverk - Vurdering av konsesjonsplikt

Viser til dykkar brev datert 20.10.2020 vedkomande vurdering av konsesjonsplikt for auke av installert effekt og slukeevne i Fausa kraftverk, Stranda kommune.

For områda i Sykkylven gjeld kommunedelplan av 2014.

Ny løypeplan, skiløyper, er no under utarbeiding og per dato på høyring.

Sidan Fausa kraftverket vart sett i drift i 1951, har der for områda kring Nysætervatnet skjedd ei formidabel auke i friluftinteressene. Mengda av bygde og innregulerte nye hyttetomter er vesentlege. Dette gjeld både for områda både i Sykkylven kommune og for områda i Stranda kommune. Og eit stort omland nyttegjer seg dette tilbodet.

Sykkylven kommune vil derfor peike på at områda kring Nysætervatnet har vesentlege friluftinteresser, både av lokal og regional verdi.

Områda kring Nysætervatnet er såleis ein «berekjelle» i det å tilby rekreasjon og friluftsliv for eit stort omland, både sommar og vinter. Skiløyper, og med det eit godt og tenleg løypetilbod tilpassa bruk av trakkemaskin, er vesentlege omsyn å ivareta. Ein av dei mest nytta er løypa kring Nysætervatnet, Fjellseterrunden.

Konkret for denne skiløypa rundt vatnet kan det vere ei føremon at slukeevna aukar, då høg vannstand tidvis kan vere eit problem med omsyn til framkome med trakkemaskin.

Til dømes ved demninga hadde det vore til god hjelp om det der vart bygd opp eit «kryssningspunkt» slik trakkemaskina fekk ein betre og sikrare trase for å ta seg forbi den «kanalen» som i dag går inn mot demninga og periodevis sperrer for tenleg framkome.

Mange nye hytter, frå mest ingen i 1951, til for Sykkylven ca 450 per i dag, og etter vedtekne planar truleg ei vidare dobling fram forbi år 2030, medfører i seg sjølv meir fokus på rekreasjon og friluft, men og meir behov for kontrollerte tilhøve med omsyn til vatn og avløp.

Det er viktig at både oppdemming og nedtappinga skjer med god omsyntaking til det omkringliggande. Viser her eksv. til avtale om å prøve å unngå nedtapping av Nysætervatnet lengre ned enn til kote 332,3. Ei strengare omsyntaking til rekreasjon, natur- og friluftsliv bør i dag vere ei



naturleg, og krevd tilpassing. Dette ut i frå den endringa som har skjedd i tid og tilhøve sidan driftsstarten i 1951.

Sykkylven kommune har ved søknad av 2017 søkt Stranda kommune om utslepp av avløpsvatn via Fausa, utan at det for dette per no har kome til ei løysing. At rørgata no skal fornyast, gir begge kommuner eit nytt høve til å frakte avløpsvatnet frå sine hytteområder til sjø.

Sykkylven kommune ber derfor om at det som avbøtande tiltak i høve fortsatt energiproduksjon, så vert det samstundes etablert rørgate for avløpsvatn.

Oppsummert ber Sykkylven kommune om at saka vert vurdert i lys av:

- At det vert bygd rørgate også for avløpsvatn.
- At det vert ved oppdemming/nedtapping lagt større vekt på avbøtande tiltak med omsyn til skiløyper, rekreasjon og friluftsliv. Avtalen om begrensa nedtapping må leggest til grunn.
- At det må legge til rette for best mogleg framkome med løypemaskin, ref. Fjellseterrunden.

Med helsing

Bjarte Hovland
einingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur